



KOPI

Vidar Tysse
Kvernevikstemma 16
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1679 - 18/15289

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
06.07.2018

Godkjenning - utsleppsløyve og løyve til tilknytning kommunalt vatn for fritidsbustad - GBNR 36/31 Nordre Ådland

Administrativt vedtak. Saknr: 158/2018

Tiltakshavar: Vidar Tysse
Ansvarleg søker: Fløysand VA AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Det er i søknad, dagsett 11.06.2018, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 36/31 i Ådlandsvågen. Det er søkt i tillegg til tilkopling av fritidsbustad til kommunalt vatn via eksisterande privat vassleidning.

Det skal installerast vassklosett.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i slamavskiljar med dimensjon på 2 m³ før det reinsa utsleppet vert ført i lukka leidning til tidlegare etablert og godkjent avlaupsleidning som går ut i Radfjorden, jf vedtak sak DKML.366/05.

Det ligg føre erklæring frå eigar av privat kloakkleidning Børre Zahl Jensen med løyve til å knyta seg til eksisterande privat kloakkleidning.

Det ligg føre erklæring frå eigar av privat vassleidning Egil Gripsgård med løyve til å knyta seg til eksisterande privat vassleidning og deretter til kommunal vassleidning.

Vurdering:

Nabovarsel: Utsleppet er nabovarsla og det ligg ikkje føre merknader.